



Arkitekt Mette Kyed Thorson
Kvalen 16
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/1750 - 23/84763

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
02.11.2023

Avvist klage på oversendinga av vedtak til klagevurdering samt avvist klage på vedtak om rammeløyve med mellombels dispensasjon - gbnr 433/15 Hella

Administrativt vedtak:	Saknr:
Tiltak:	Dispensasjon
Byggjestad:	Gbnr: 433/15
Tiltakshavar:	Atle Henning Mariussen
Ansvarleg søkjar:	Arkitekt Mette Kyed Thorson

VEDTAK:

Klagene, datert 11.11.2023 vert avvist med heimel i fvl 33, då klagene er sett fram etter at klagefristen i fvl § 29 er gått ut og det ikkje er grunnlag for å gje oppreisning for oversitta klagefrist etter fvl § 31.

Alver kommune viser til to klager frå tiltakshavar med hjelp av ansvarleg søkjar, Arkitekt Mette Kyed Thorson, datert 11.11.2023. Dei to klagene gjeld:

1. Klage på oversendinga av vedtaket frå Areal, plan og miljø (APM) datert 09.06.2021 om rammeløyve med mellombels dispensasjon for legalisering av flytebyggje med opptil 25 båtplasser med nedre parkering - gbnr 433/15 Hella.
2. Klage på vedtak frå Areal, plan og miljø (APM) datert 09.06.2021 om rammeløyve med mellombels dispensasjon for legalisering av flytebyggje med opptil 25 båtplasser med nedre parkering - gbnr 433/15 Hella

Kommunen beklagar lang sakshandsamingstid i saka grunna stor arbeidsmengde i høve klagehandsaming.

Vurdering

Det følger av forvaltningslova (fvl) § 28 1.ledd at «enkeltvedtak kan påklages av en part eller annen med rettslig klageinteresse i saken til det forvaltningsorgan (klageinstansen) som er nærmest overordnet det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket (underinstansen).»

I fvl § 33 2.ledd står det at «Underinstansen skal foreta de undersøkelser klagen gir grunn til. Den kan oppheve eller endre vedtaket dersom den finner klagen begrunnet. Dersom vilkårene for å behandle klagen ikke foreligger, skal underinstansen avvise saken, jfr. dog § 31.»

Rettsleg klageinteresse

Etter fvl § 28 er det ein part eller annan med retteleg klageinteresse som har klagerett. Part er ein som vedtaket rettar seg mot eller direkte gjeld, jf. fvl § 2 1.ledd bokstav e. Tiltakshavar er part i saka og har klagerett.

Oversitta klagefrist

Klagefristen er tre veker frå det tidspunktet underretning om vedtaket er kome frem til parten, eller frå det tidspunktet parten fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket, jf. forvaltningsloven § 29.

Alver kommune sitt oversendingskriv, med APM vedtaket av 09.06.2021 og vedlegg, er datert 14.06.2021. Oversendingskrivet er sendt ut per SvarUt same dag. Klagefristen er 3 veker og gjekk ut den 05.07.2021.

Arkitekt Mette Kyed Thorson har stadfesta at oversendingskrivet er lest den 15.06.2021:

The screenshot shows a digital journal post interface. At the top, it reads 'Journalpost 21/40604 | Sak 21/1750 Byggesak GBNR 433/15 Hella indre - Disp...'. Below this is a toolbar with icons for 'Lagre', 'Frisk opp', 'Avansert visning', 'Ekspeder', 'Gå til sak', and 'Signering'. The main content area displays the journal post details: 'Journalpost 21/40604', 'Tittel: Oversending av vedtak i dispensasjonssak til klagevurdering - gbnr 433/15 flytebrygge Hella indre', 'Tittel2:', 'Avsender: Larissa Dahl', and 'Mottakere: Arkitekt Mette Kyed Thorson; Statsforvalteren i Vestland; Vestland fylkeskommune; Atle Henning Mariussen;'. At the bottom, a blue status bar indicates 'E 15.06.2021 09:53 MELADA Mottatt status fra SvarUt for ekspedering til ARKITEKT METTE KYED THORSON: LEST'.

Klagefristen gjekk ut den 05.07.2023. Klage 1 og 2 er datert og mottatt av kommunen den 11.11.2023. Klagefristen er oversitta med 130 dagar, dvs. 4 månadar og 7 dagar medrekna sluttdato. Klagene er ikkje rettidige (ikkje sendt inn til kommunen innan rett tid).

Hovudregelen i forvaltningslova er at klager ikkje skal handsamast når klagene ikkje er rettidig. Bakgrunnen er at både kommunen og partane i ein saka skal kunne innrette seg etter vedtak og kunne avslutte ein sak. Dette av resurs og effektivitetsomsyn.

Det følgjer av forvaltningslova (fvl.) § 31 at «*selv om klageren har oversittet klagefristen, kan klagen tas under behandling såfram*

a) parten eller hans fullmektige ikke kan lastes for å ha oversittet fristen eller for å ha drøyd med klage etterpå, eller

b) det av særlige grunner er rimelig at klagen blir prøvd.»

Spørsmålet er om det skal gjevast oppreisning av oversitta klagefrist slik at kommunen likevel handsamar klagane sjølv om dei er komet inn for seint, jf. fvl. § 31.

Klagar, tiltakshavar med hjelp av ansvarleg sækjar, Arkitekt Mette Kyed Thorson, påberoper seg i vår sak å ha misforstått retten til å klage på APM vedtaket. Klagar viser til at ho ikkje forstod at oversendingsskrivet av 14.06.2021 på APM vedtaket av 09.06.2021 vart eit skriv som var sendt til klagar som mottakar med tilhøyrande klagerett.

Kommunen viser her til at oversendingsskrivet er sendt til klagar som mottakar på lik linje som sektormynde – Statsforvaltaren i Vestland og Vestland Fylkeskommune:

Mottakarar:			
ARKITEKT METTE KYED THORSON	Kvalen 16	5955	LINDÅS
Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN

Vidare viser kommunen til at oversendingsskrivet opplys både i overskrifta og i innhald om klagerett. Både vedtaket av 09.06.2021 i form av saksframlegg og vedlegg er vedlagt oversendingsskrivet:

Oversending av vedtak i dispensasjonssak til klagevurdering gbnr 433/15 flytebrygge Hella indre

Vedlagt følgjer vedtak.

Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. Forvaltningsloven (fvl) § 28. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen vedtaket vart mottatt, jf. fvl § 29 1.ledd. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til det forvaltningsorgan som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar ein ynskjer, jf. fvl § 32. Klagen skal grunngjevast.

Kommunen legg til grunn at når klagar er sendt vedtaket frå APM av 09.06.2021 med vedlegg i eit eige oversendingsskriv den 14.06.2021 med overskrift om vedtak til klagevurdering, klagar er mottakar og har stadfesta å ha lest oversendingsskrivet den 15.06.2021, Arkitekt Mette Kyed Thorson er profesjonell sækjar og godt kjent med saksgang i ein byggesak med tilhøyrande rett til å klage på vedtak og med tilhøyrande særskilt oppfordring til å holde seg orientert/vere oppdatert om sine søknadar samt kontakt med kommunen ved behov og det faktum at klage vert først vert fremja den 11.11.2021, så kan klagar lastast for å ikkje å fremja klagen rettidiig, jf. fvl. § 31 bokstav a. Med bakgrunn i ovanståande utgreiing, så ligg det heller ikkje før «særlege grunnan» til at klagen vert prøvd etter fvl. § 31 bokstav b).

Vilkåra for oppreisning for oversitta klagefrist ligg ikkje føre, jf. fvl. § 31.

På denne bakgrunn gis det ikkje oppreisning av oversitta klagefrist slik at kommunen ikkje handsamar klagane då dei er komet inn for seint, , jf. fvl. § 31.

Då det ikkje gis oppreisning av oversitta klagefrist (prosessuelt), så vert ikkje klage (materielt) på vedtak frå Areal, plan og miljø (APM) av 09.06.2021 handsama. Begge klagane vert avvist.

Kommunen presiserer at det gis klagerett med 3 veker klagefrist på kommunen sitt avviste vedtak av 02.11.2023, sjå siste avsnitt om klagerett.

Kommunen er forøvrig kjent med at klagar med hjelp av ansvarleg søkjar har sendt inn innspel til ny kommuneplan sin arealdel for Alver kommune (KPA). Noverande avviste vedtak av 02.11.2023 er uavhengig av klagars innspel til KPA.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delebert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klagerett

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl) § 2 3.ledd. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på selve APM vedtak 088/21 - klage 2 av 2 - gbnr 433/15 Hella indre
Klage på APM vedtak 088-21
V1 Beskrivelse av tiltak 2.3.2021, vedlagt søknad om tiltak
V2 APM 088-21 Rammeløyve med disp, GBNR 43315 Hella indre
V3 Oversending av vedtak i disp.sak for klagevurdering
Klage på oversending av APM vedtak 088/21 - klage 1 av 2 - gbnr 433/15 Hella indre
Klage på oversending av vedtak
V1 Beskrivelse av tiltak 2.3.2021, vedlagt søknad om tiltak
V2 APM 088-21 Rammeløyve med disp, GBNR 43315 Hella indre
V3 Oversending av vedtak i disp.sak for klagevurdering
V4 Orientering til tiltakshaver - viser misforstått saksgang
V5 Purring og etterfølgende dialog med saksbehandlar

Kopi til:

Arkitekt Mette Kyed Thorson	Kvalen 16	5955	LINDÅS
-----------------------------	-----------	------	--------

Mottakarar:

Arkitekt Mette Kyed Thorson	Kvalen 16	5955	LINDÅS
Atle Henning Mariussen	Dalland 62 A	5936	MANGER

